



Årsmelding for 2018 frå Hovudstyret

Styret har sidan årsmøte i 2018 hatt slik samansetjing:

Leiar:	Vegard Gjerde
Nestleiar:	Harald Møller
Styremedlem	Cecilie Bjørlykke
Styremedlem	Jeanette Teigene
Styremedlem	Ann Magritt Bjåstad Vikebakk
Varamedlem	Bernhard Harkjerr
Varamedlem	Cecilie Skeide

Hovudstyret har hatt 5 møter og handsama i alt 32 saker, blant anna

- a. Det har vore arbeidd vidare på planane om fotballhall. Kommunestyret godkjende bygging av hallen i budsjettet for 2018, og arbeidet skulle etter planen settast i gang sist vår. Oppstart blei stadig utsett, og spesifikasjon for hallen vart meir omfattande og dermed dyrare, og frykta hovudstyret hadde med i årsmelding for 2017 om igangsetting blei ein realitet. Saka vart på nytt godkjend i Hareid kommune, med ramme på 25 mkr for 2019. Det er planen at den nye hallen vil vere klar for bruk til komande vinter.
- b. Arbeidet med å registrere alle medlemmar i NIF sitt datasystem «Minldrett» har vore omfattande også i 2018, og er framleis ei viktig oppgåve for administrasjonen i laget og gruppene. Hovudstyret vil praktisere strengare haldning; at innbetalt medlemskontingent og treningsavgift skal kontrollerast før aktørar får vere med i offisielle arrangement.

- c. Med bakgrunn i påstand om mobbing, gjorde hovudstyret vedtak om at HIL ikkje lenger vil gje ut Fotbladet.
- d. Det web-basert rekneskapssystemet, der vi sjølve kan utføre store delar av rekneskapsføringa med støtte frå RG Regnskap AS, har vist seg godt egna. Hovudstyret har tilsett Eli Grete Warpe som rekneskapsmedarbeidar i deltidstilling, og dette har medført mindre kostnader til rekneskapsføring i forhold til 2017.
- e. Retningslinjer frå NIF om
 - Seksuell trakassering
 - Handsaming av personalopplysningar og informasjonssikkerheit
- f. Det var avvikla kurs i oktober om «Mitt valg», eit program for haldningsskapande virke som er utvikla av Lions. Fleire grupper arbeider med tiltak innan emnet, og dette vil bli eit eige program for heile laget.
- g. Det har vore arrangert 2 kurskveldar i bruk av hjartestartar.
- h. Det er gjennomført full renovering av dei to eldste garderobane, 2 publikumstolett med inngang utanfrå, nytt golvbelegg på «A»-garderoba og møterommet.
- i. Ny driftsavtale og leigeavtale for fotballhallen med Hareid kommune er ikkje ferdigforhandla.
- j. NIF sine reglar tilseier at alle idrettslag skal ha ein barneidrettsansvarleg. Oppgåvene til vedkomande går fram av NIF sine heimesider. Hovudstyret har pålagt dagleg leiar denne rolla i HIL.

I Hareid Idrettsråd er HIL representerte med Olav Sindre Rise (leiar) og Vegard Gjerde (sekretær).

Etter den nye lova gjeldande frå 2015, er det kjønnsbalanse i styret.

Medlemskap

Aktive medlemmar Hareid IL 2018

Alderstrinn	Gutar				Jenter				Gruppa
	5-12 år	13-19 år	20-25 år	26 - år	5-12 år	13-19 år	20-25 år	26 - år	
Badminton				4					4
Fotball	113	59	21	18	35	40	12	10	308
Fridrett/Trim	32	4		10	20	1		10	77
Handball	7	6		13	39	20	12	7	91
Turn	39		1	3	108	16	4	10	181
Støttemedl.									63
Heile laget	191	69	22	48	202	77	28	37	724

Frå alderssamansettinga ser vi at HIL er, og skal vere, først og fremst eit breiddeidrettslag. Talet på støttemedlemmar har gått ned. Dei som ikkje har betalt medlemskontingent er no stroken frå medlemsregisteret.

Kanskje er medlemstalet ikkje så høgt, då nokre som er aktive i fleire greiner kan vere med fleire grupper.

Økonomi

Med vising til rekneskapen meiner styret at økonomien i hovudlaget framleis er tilfredsstillande, sjølv om eigenkapitalen er kraftig redusert som følgje av garderoberenooveringa. Samla driftsresultat for hovudlaget blei eit underskot på kr. 863 751.

Oppgradering av garderobebygget blei mykje dyrare enn budsjettet, til saman kr 1 123 236, mot budsjett kr. 650.000. På årsmøte i 2018 blei det nemnd at budsjettet ikkje ville halde, og årsmøtet ga styret løyve til overskriding, eventuelt med lånefinansiering. Styret har vald å føre oppgraderinga over driftsrekneskapen, i staden for å aktivere investeringa, med avskrivning for eksempel over 10 år.

Nytt takdekke til garderobebygget blei utsett til 2019.

Summen av Grasrotmidlar, Mva-refusjon og LAM i 2018 var kr. 658 000, ein auke på kr. 88 000 frå 2017.

Overføringa frå hovudlaget til gruppene var kr. 600 000. Desse har tidlegare vore ført som inntekt både på hovudlaget og på gruppene. For å få rett inntektsbilete av heile laget er desse overføringane no ført som ein inntektsreduksjon i staden for ein kostnad på hovudlaget.

Det er mange av dei aktive som ikkje betalar medlemskontingent og treningsavgift, trass purringar. Vedteken organisasjonsplan for HIL seiar: «For å vere med i trenings- og konkurranseaktivitet i og for laget, er det eit krav at ein er medlem i laget, og at medlemskontingent og eventuell treningsavgift er betalt». Gruppene vil bli pålagt å følgje opp at dette blir etterlevd. Utan betalt medlemskontingent er den aktive heller ikkje forsikra.

Hareid Idrettslag - Resultatrekneskap 2018 og balanse bank pr. 31.12.2018

Avdeling/gruppe	Inntekter	Kostnader	Resultat	Balanse 31.12.18
Hovudlaget	kr 1 462 590	kr 2 330 792	-kr 868 202	kr 652 642
Badminton	kr 321		kr 321	kr 42 351
Fotball	kr 765 470	kr 1 004 807	-kr 239 337	kr 3 197 443
Friidrett	kr 51 978	kr 59 155	-kr 7 177	kr 340 611
Handball	kr 138 242	kr 151 224	-kr 12 982	kr 221 723
Trim og Nordvest Maraton	kr 55 896	kr 71 453	-kr 15 557	kr 166 069
Turn	kr 277 230	kr 294 345	-kr 17 115	kr 379 773
Sum heile laget	kr 2 751 727	kr 3 911 776	-kr 1 160 049	kr 5 000 612

- * Hovudlaget: Inntekter hovudlaget er kr. 600 000 høgare. Desse er ført som inntekt til gruppene. Kr. 8 000 er feilført som inntekt til hovudlaget, skal til handballgruppa.
- * Fotballgruppa: Kr. 2 508 000 i balansen er avsett til framtidig leige av fotballhallen.

Aktivitet – sluttord

Aktiviteten i dei fleste gruppene har framleis vore høg. Både i Hareidhallen og på kunstgrasbana er kapasiteten sprengd. Den nye fotballhallen vil lette presset på begge desse.

Rekruttering samt å halde på trenarar, lagleiarar og andre tillitsvalde er ei stor utfordring for heile laget.

HIL er den største frivillige organisasjonen i Hareid, men vi treng - og takkar - dei tilsette for innsatsen. Takk også til seniorgruppa og dei mange aktivitets- og lagleiarar og tillitsvalde for svært god og viktig innsats til drift av idrettsanlegga, klubbhuset og dei mange idrettsaktivitetane i laget.

Hareid, 7. mars 2019

Vegard Gjerde
leiar

Harald Møller
nestleiar

Cecilie Bjørlykke

Jeanette Teigene

Ann-Magritt Bjåstad Vikebakk

Anita Waage
dagleg leiar